

# Tepperot (*Potentilla erecta*)

## Ei av dei mest brukte medisiplantene



1. Plante med rot. 2. Blom. 3. Frukt

### TIDLEGARE BRUK

**Medisin:** Tepperot er ei av dei mest brukte medisiplantene her i landet. Det var rota som vart brukt mot mange ulike lidningar.

Tepe tyder å stoppa igjen, og namnet kjem av planta si evne til å stoppa diaré og blødingar. På Vestlandet er den brukt som munnskyllvatn, og dei kalla planta for munnskålderot.

Signaturlæra om at likt lækjer likt er grunnen til at den raude tepperota er nytta mot raude hundar, anemi og som blodreinsande middel.

### BRUK I DAG

Tepperota inneheld mykje garvestoff som får sår til å danna skorper og småblødingar til å stoppa fortare. Tepperota har også lokalbedøvande verknad.

Tepperot vert framleis brukt som i urtemedisinen. Her er ei oppskrift på tepperotavkok mot diaré:

½ ss tepperotpulver  
1 ½ dl vatn

*Bland pulver i kaldt vatn. Kok opp, og la det koke i 15 min. Sil. Ikkje drikk meir enn 3 koppar dagleg.*

### KAN DU FINNA PLANTA PÅ BAKKEN?